

# Balestrand kommune

Pleie- og omsorgstenestene  
6899 Balestrand  
tlf 57 69 47 20

# SØKNAD

om pleie- og omsorgstenester

Pårørende eller andre kan hjelpe dykk med å fylle ut søknaden. Bruk kulepenn. Les orienteringa på neste side.

## 1. OPPLYSNINGAR OM SØKJAREN

Etternamn, fornamn	Fødd	Tlf
Adresse	Evt. opphaldsstad	Tlf
Postadresse	Næraste pårørende	Tlf

## 2. KVA KOMMUNALE TENESTER SØKJER DE?

<input type="checkbox"/>	Dagtilbod	<input type="checkbox"/>	Hjelp i heimen	<input type="checkbox"/>	Helsetunet, langtidsplass
<input type="checkbox"/>	Tryggleiksalarm	<input type="checkbox"/>	Sjukepleietenester	<input type="checkbox"/>	Helsetunet, korttidsplass
<input type="checkbox"/>	Hjelpemiddel	<input type="checkbox"/>	Middagsombringing	<input type="checkbox"/>	Helsetunet, rehabilitering
<input type="checkbox"/>	Aldersbustad	<input type="checkbox"/>	Omsorgsbustad	<input type="checkbox"/>	Støttekontakt

## 3. KVIFOR YNSKJER DE DESSE TENESTENE?

Skriv kort kva vanskar og/eller lidingar De har. Kva hjelp har De i dag? Kvifor er tiltaka viktige for Dykk? Kva ynskjer De å oppnå?

## 4. MERKNAD

Informasjon som De meiner er viktig, men som det ikkje er spurt om. Dersom søkjar ikkje skriv under sjølv, grunngje kvifor.

## 5. UNDERSKRIFT

Eg har sett meg inn i orienteringa på neste side, og er kjend med at kommunen vil gjere ei saksutgreiing. Eg gjev mitt samtykke til at kommunen hentar inn opplysningar om inntektstilhøve frå liknings- og trygdekontor.

Stad/dato

Underskrift

--	--

## ORIENTERING TIL SØKJAREN

### OM DEI EINSKILDE PUNKTA:

Punkt 1 Oppheld søkjaren seg på anna adresse enn heimstadressa si, skal opphaldsadressa skrivast her. Når søkjaren fører opp pårørande, veit sakshandsamar kven han skal vende seg til dersom det er trong for det.

Punkt 2 Her kryssar søkjaren av dei einskilde tiltaka vedkomande søkjer. Dersom det er ynskje om andre tiltak, før det opp under pkt 4.

Punkt 3 I dette feltet skal søkjaren grunngje kvifor ein søkjer tenester.

Skriv kort:

- Kva vanskar har De?
- Korleis løyser De desse i dag?
- Kva hjelp mottek De frå familien eller andre?
- Kva ventar De å oppnå dersom De får tildelt dei ynskje tenestene?

De har plikt til å gje rette opplysningar slik at tenestetilbodet kan bli så godt tilpassa Dykkar behov som mogeleg.

### SAKSGANG:

Sjukepleiar, vernepleiar, fysioterapeut, sosionom eller andre med helse- og sosialfagleg høgskuleutdanning vil ta kontakt med Dykk og avtale tid for heimebesøk.

Dei vil rådføre seg med Dykk og stille spørsmål om kva hjelp De treng, helsetilstanden Dykkar, kor praktisk bustaden er og korleis De trivst. Dei vil også orientere Dykk om dei kommunale tenestene og hjelpetiltaka. De kan ta med andre personar etter eige ynskje.

Saman med helsepersonellet drøftar De kva tiltak som tener Dykk best.

Etter heimebesøket vil det bli fatta eit skriftleg vedtak, som De vil få tilsendt så snart det er fatta.

Søknaden skal sendast til: **Balestrand kommune**  
**Pleie- og omsorgstenestene**  
**6899 Balestrand**